

Tapte 0-6 sist,vann 6-0 i dag

07.10.2012



Ein vegskøyring heile vegen....

Ei veke sidan gjekk Rosendal og Uskedalen på ein skikkeleg smell og tapte 0-6 på Askøy.I ettermiddag var situasjonen den omvendte-laget vannover Minde 1 på heimebane med samme siffer. Så rund kan

fotballen vera!

Men det bør leggjast til at Minde 1 er eit botnlag som berre har fått 2 poeng så langt medan Rosendal no luktar på toppen i likheit med Askøylaget.

Denne gongen hadde Uskedalen 5 spelarar med og ein av dei var Ingebjørg Haugland som igjen viste sitt talent. Det gjorde ho ikkje minst med mål nummer to som var eit presist skot frå langt hald. Gøril Samland Eik noterte seg for 2 mål denne gongen.

Nokon bestejentepremie er det liten grunn til å dela ut, laget var best på alle punkt og det var einvegskøyring gjennom heile kampen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen